



**UTRADISJONELLE ROM:** - Det blir spennande å sjå korleis kunsten oppfører seg gjennom sommar, seier kunstnaren Brynhild Slaatto.



**FOR STORE OG SMÅ:** For kunstnar Brynhild Slaatto er det viktig at utstillinga skal vera leiken og snakke til folk i alle aldrar.



**RIKTIG VEG?:** Arnhild Kopperdal, ved Hallingdal museum i Dagali er usikker. Brynhild Slaatto ser over og bekreftar at det vart rett. Ho sett pris på den gode hjelpa ho får i Dagali.



**FLEIRBRUK:** Her har Brynhild Slaatto sett saman panel til å bli skulptur. Dei har vore brukt før som panel under ei utstilling som gjekk over fleire månader.

# Litt av eit skattkammer

## ■ Brynhild Slaatto stiller ut på Dagali museum

Kunstnaren Brynhild Slaatto søker attende til røtene i Hallingdal gjennom papir- og tekstiluttrykk. Resultatet finn du både ute og inne på Dagali museum.

INA EIRIN ELIASSEN  
iee@hallingdolen.no

Det er ikkje småtteri som skal på plass før utstillingsopninga som var laurdag. Hallingdølen tok turen for å møte Slaatto i innspurten, dagen før dagen.

### Leikent og levande

Installasjonar av båttau, hestehår, leikedyr, papir kollasjar og tekstil i skjønn harmoni er å sjå rundt på museumstunet. Noko av kunsten lever også sitt eget liv. Panelet av nylon-

tau på den eine låveveggen i tunet har trekt seg saman i det fuktige vêret. Fargane på nokre skulpturar i nylontau, ber preg av å ha vore ute tidlegare. Det er akkurat slik Slaatto likar det.

### Farga av Dagali

Både fargar, landskapet og arkitekturen i Dagali har vore vesentleg for kunstnaren i prosessen fram til utstillinga. Slaatto var på synfaring i påsken, der ho fekk mykje inspirasjon frå tunet i Dagali. Hallingstakken

er også med, den hadde kunstnaren på under opninga.

- Dagali er litt av eit skattkammer. Eg har vore interessert i panel i lang tid, både i eldre og moderne byggeskikk. Det er tradisjonane som ligg i handverket som fasinerer meg, seier Slaatto.

### Ser det andre ikkje ser

Ho reiser og tek inn inntrykk og historier, som blir omarbeidd i hovudet før det blir «vove» saman på ny. Likevel er det viktig for Slaatto at kunsten har ein naturleg samanheng.

- Det skal vera litt røft, materiala skal leva sine egne liv og ikkje berre vera pene og pyn-telege. Eg likar kontrastar og at

## ■ Let seg inspirere av bygda

ting snakkar med kvarandre. Det skal vera ein samtale mellom nytt og gamalt. Samstundes er det viktig å overraske og vera leiken. Ein skal ha lov til å ha det litt moro, seier Slaatto med eit smil.

### Vart invitert

Arnhild Kopperdal, ved Dagali museum, er imponert over å få vera med Slaatto desse dagane. Kunstnaren får ho til å sjå detaljar ho ikkje før har sett på tunet.

Det var den verdskjende biletkunstnaren og Dagalivenen Jan Groth som hadde den første utstillinga i Kjønaastabburet frå 1847, der Slaatto no stiller ut. Det var han som anbefalte museet om å invitere

Slaatto, noko ho ser på som ei stor ære.

### Generasjonar med byggekunst

I oppveksten har Slaatto vore på feriar i Hallingdal. Bestefar Eindride Slaatto er arkitekten bak mellom anna Tingstugu i Ål, men også faren Nils Slaatto er eit kjent arkitektnamn i Hallingdal.

- Å kome hit er som ei reise for meg. Møte med kultur og tradisjonar er så sterkt. Eg trur me vaknar litt opp når verda blir meir og meir uroleg. Ein søker attende til røtene og vil skjøne meir og stille spørsmål kring kven me er, seier Slaatto.

Utstillinga heng fram til 14. august.

## HÅREK av Chris Browne



**KULTUR** er alt frå kino, konsertar, teater og utstillingar til restaurantbesøk. Kort sagt - utelivet i Hallingdal. Arrangørar kan sende oss førehandsstoff og bilete.

**Post:** Hallingdølen, Sundrevegen 79, 3570 Ål. Merk konvolutten «kultur».

**E-post:** kultur@hallingdolen.no.

**Telefax:** 32 08 65 45.

### Fristar

Tysdagsavisa..... fredag kl. 12

Torsdagsavisa..... måndag kl 15.30

Laurdagsavisa ..... onsdag kl 15.30

**NRKS TV-ARKIV:** NRK har lagt ut nesten 30.000 TV-program frå 60-talet og opp til seint på 90-talet gratis på nettet. No kan du få eit gjensyn med alt frå Erik Bye til Pompel og Pilt, Fleksnes, Brødrene Dal og Lille Lørdag. Programma er lagt ut på NRKs nettsider og inkluderer alle program som NRK sit med rettane til. NRK-arkivet ligg under fana «Kategorier» på NRK TVs nettsider. (©NPK)

**SOMMARUTSTILLING:** Kunstnaren Brynhild Slaatto (f.h) står bak sommarutstillinga på Dagali museum. Ho sit på trappa til Kjønaas-stabburet frå 1847 i lag med Arnhild Kopperdal. Det er her hovudutstillinga er.

